



# FJELL KOMMUNE

Rådmannen

Dato: 20.05.2014  
Vår ref.: 2014/1278 - 11423/201  
Ark.kode:

## Drøftingsreferat Retningslinjer sosiale medium

---

08.05.2014 drøfta partane i Fjell kommune utkast til retningslinjer for sosiale medium. Retningslinjene gjeld medarbeidarar i Fjell kommune. (Ikkje folkevalde)

### **Tilstades:**

#### Arbeidsgjevar:

Steinar Nesse, Lisbeth Grosvold, Line Barmen, Wilhelm Anglevik, Kjell Fyllingen, Berit Rystad, Lillian Torsvik, Monica Pedersen, Margun Landro, Ruth Paulson og Kristin N.Hodneland

#### Arbeidstakar:

Willy Tangen (Skolelederforbundet), Mikael Tangen (Utdanningsforbundet), Erik Schultz (Akademikerne), June Johannesen (Juristforbundet), Trude E.Villanger (HVO), Nina Zandstra (Utdanningsforbundet), Ole Jostein Nakken (Delta), Bente Ormevik (Fagforbundet), Einar Lunde (NITO)

### Partane er samde om fylgjande retningslinjer:

## SOSIALE MEDIUM - VER EIN GOD AMBASSADØR

---

Som tilsett i Fjell kommune bidrar du til korleis innbyggjarane oppfattar kommunen. Ikkje minst gjeld det som privatperson, utanfor arbeidstida. Som arbeidsgjevar ønskjer vi at medarbeidarar er aktive på sosiale medium og er gode representantar og ambassadørar for kommunen.

Du må gjerne omtala Fjell kommune, men ikkje gje deg ut for å vera representant for kommunen når du er aktiv som privatperson. Som arbeidsgjevar har vi eit omdømme som avheng av at du som privatperson set andre i stand til å forstå kva rolle du har – til kvar tid.

## Hugsereglar til hjelp når du brukar sosiale medium som privatperson:

- Ver tydeleg på at du deltar som privatperson og ikkje som ein representant for Fjell kommune. Hugs at ansvaret ligg på deg som ytrar deg på nettet!
- Ikkje kommenter eller publiser informasjon du har tileigna deg som tilsett i kommunen som kjem inn under teieplikta, forvaltningslova, IT- tryggleikserklæringa, personvernlova, eller på anna måte er unnateke ålment innsyn. Det same gjeld for informasjon som er del av pågåande sakshandsaming.
- Ikkje bruk e-postadressa til jobben din som kontakt e-post til dine private profilar.
- Dersom du publiserer, kommenterer eller omtalar innhald som er relatert til din jobb i kommunen, ver tydeleg på at desse innlegga er dine egne og at du ikkje representerer kommunen sitt syn eller politikk.
- Tenk deg godt om før du har kontakt med elevar/ brukar/ pårørande i sosiale medium som for eksempel Facebook eller MSN.

---

Kristin N.Hodneland  
Nestleiar personalsjefen  
Fjell kommune